


NR. 8 OKTOBER 1985 18. ÅRG. 18. ÅRG.

## Spør ikke hvor solen er

**Av Ingrid Vibe-Müller**

*Spør ikke*
*hvor solen er,*
*blomstene vender seg*
*stille mot den*
*dag efter dag.*

*Slik vender også*
*menneskets famlende*
*lengsel seg mot Gud.*

*I sin sorg,*
*i sin rastløshet,*
*med sine blodige*
*merker av synd*
*finner mennesket*
*ikke hvile*
*i noe*
*uten Gud.*

*Forstyrr ikke*
*den famlende lengsel!*
*La ikke larmen*
*fra d i t t sinn*
*drepe denne trang.*
*Forklar Lyset*
*for det forpinte hjerte.*
*Lyset det ofte*
*strekker seg mot*
*uten å vite det selv.*



# Byggjeløyve for kyrkjelydshuset

På møte 17. september vart det gjeve byggjeløyve til Kyrkjelydshus i Arna. Bygningsrådet var først på befaring i Arna før det vart avgjort. I samband med sakshandsaminga kom det nokre merknader om fasaden i syd, og i byggjeløyvet heiter det også at ein i samarbeid med byggeavdelinga i kommunen skal gjera mindre endringar på den.

— Du er vel glad no, Erling Osland, formann i økonominemnda, for at de har fått byggjeløyve?

— Ja, det er klart. No er planane godkjende og vi er klare til å setja i gang. 1. mars er sett som dato for byggjestart, men med ein innsamla kapital på vel 400.000 for eit bygg til nesten 2 mill. kr. er det klart at det ligg mange utfordringar og ventar.

**Forts. side 14**

# VAL AV SOKNERÅD 13. og 20. okt.

# De to store bud

## Mark. 12.28-34




*I denne teksten forteller Jesus oss hva som er de to største bud. For det første sier han: «Du skal elske Herren din Gud av hele ditt hjerte og av hele din sjel og av all din forstand og av all din kraft».*
*Det andre: «Du skal elske din næste som deg selv».*
*Å elske Herren av hele vårt hjerte skulle en ikke tro, ville være så vanskelig. Tenk på all den kjærlighet Han har overøst oss med. Han som ikke sparte sin egen sønn for oss. Det burde da være så selvfølgelig at vi elsket Ham igjen over alle ting. Men gjør vi det? Hvor er vi ikke fyllt av egoisme!*
*Annalyserer vi våre gjerninger, vil vi finne at selv de beste av disse ofte springer ut av vår egoisme. Vi vil gjerne ha noe å rose oss av. Slik er vår natur, mens Hans natur er å overøse oss med kjærlighet og godhet. Når det gjelder vår næste, er det ikke lettere å vise sin kjærlighet der. Det vil si at vi gjerne kan tale varmt for vår næste når bare avstanden er tilstrekkelig stor. Vi kan sende våre penger til nødlidende langt borte, og vi ber for dem. Dette er både rett og godt, noe vi bør fortsette med.*

*Men hva så med dem vi har omkring oss?*

*Mon vi ikke føler det lett å være god mot dem som er god mot oss?*

*Det er heller ikke så vanskelig å sympatisere med dem som sympatiserer med oss. Men hva med de vrange og umulige? tenk på fru X i nabuhuset, hun som lager så mange vanskeligheter for oss «skikkelige» naboer.*

*Så er det den ufordragelige herr Y på arbeidsplassen. Det er jo bare naturlig å føle avsky for slike.*

*Jesus tok så sterkt i en gang at han sa: «Elsk eders fiender».*

*Det paradoksale er at til og med «prektige» mennesker mange ganger får oss til å føle uvilje fordi de kaller på misunnelse hos oss.*

*Er det så mulig å følge Jesu ord om å elske sin næste som seg selv, ja, sogar sine fiender?*

*Nei, ikke så lenge vi bare følger vår natur. Du kan ikke ta deg selv i nakken og si at nå skal du elske og vips så gjør du det. Nei, det er helst kulde vi omgir oss med. Men vi kan vende oss til Gud og be om å få del i hans natur, bli fylt av guddommelig kjærlighet.*

*I en av våre nyere salmer er et kor som vi kanskje burde gjøre til vår bønn. Det lyder slik:*

*«Herre led du oss frem,*
*la oss bli til hjelp for dem*
*som du viser oss trenger en hånd.*
*Gi oss lys til å se,*
*Gi oss vilje til å be*
*Herre fyll vårt liv med din Ånd».*

**R.R.**



## KYRKJEBASAR

Økonominemnda for kyrkjelydshuset har vedteke å arrangera kyrkjebasar til inntekt for nytt kyrkjelydshus i Arna.

Dei ulike arbeidslaga i kyrkjelyden er vorte kontakta og vil delta i planlegging og gjennomføring av basaren.

Komitéen er alt i arbeid og ein tek gjerne imot store og små gevinstar til utlodninga. Dei som vil delta med gevinstar kan kontakta kyrkjelydskontoret.

Basaren vil bli halden onsdag 5. ebruar i Arna Bedehus og loddsalet vil gå føre seg dei siste to-tre vekene før dette.

Ein kjem tilbake til basaren i seinare nummer av Kyrkjelydsbladet.

## ORDFØRAREN TIL TAKVAM OG TUNES

Helgemessesøndag, 3. november, vert det gudsteneste i Takvam kapell kl. 16.00 ved sokneprest Eide frå Osterøy og vikarprest Helgesen frå Arna. Etter gudstenesta vert det fest på Tunes bedehus ca. kl. 17.30. Festtalen vert ved ordførar Arne Næss, og det vert song og musikk og kaffi. Offer til utviding av kapellet. Alle er hjarteleg velkomne, og det er nemnda for Takvam kapell som innbyr.

# Elevbesøk frå Haraldsplass

I to veker har kyrkjelydane hatt besøk av fire sjukepleiarelevar frå Diakonissehjemmets sykehus, Haraldsplass. To av dei har vore i Arna og to i Ytre Arna.

Dei har vitja ein del av det arbeidet som føregår i kyrkjelydane, særleg den diakonale tenesta.

Seinare skal dei skrive oppgaver om ein del av det dei har sett og lært i kyrkjelydane.



*Frå venstre: Gunn Heidi Berge, Skien og Lise Grøttland, Bode har vore i Arna Kyrkjelyd.*
*Une Berentsen, Askøy og Arnfrid Kungsheim Eidesen, Klepp har vore i Ytre Arna.*

# BARNESIDE






*Led oss,*
*vår hyrde*
*og vis oss*
*din vei.*
Johs. 6.29.




Vi har nå kommet et stykke ut i året som vi kaller 1985. Like før et nytt år begynner blir kjente mennesker ofte spurt om hvilke ønsker de har for det nye år, og svarene blir forskjellige.

Om vi kunne spørre Gud, hva tror du han ville svare? Jeg tror vi kan finne Guds svar i det lille vers som er bibelordet i dag. Guds første og største ønske er at vi skal ta imot Jesus. At vi skal si i vårt hjerte: *Jeg trenger deg Jesus, følg du meg og led du meg.* Da tror vi på Jesus som Gud har sendt til oss.




VANNRETT:
1. Et sted å bo
6. Tull
7. Trene
9. 3.14
10. Gjorde Judas
11. Tale med Gud
12. Bøye kne
13. Pikenavn
14. Kjøkkenredskap
16. Antall
17. Spise
18. Motsatt av kort

LODDRETT:
1. Eie
2. Ikke nede
3. Tresort
4. Har løveunger
5. Lite tog
8. Godt
11. Glefse
12. Melsort
13. Øke
15. Drikk (bakvendt)
16. Har o mellom seg

Håper du er: 10 loddrett






# Be aftenbønn - det gir trygghet



Mange voksne ser tilbake på kveldsstundene på barneværelset, der aftenbønnen ble bedt under ledelse av en voksen — som stjernestunder i sitt liv. Det ga trygghet for natten. Ja, faktisk gav det trygghet for livet — det å vite seg henlagt i Guds varetekt. Det var noe å bygge videre på.

Hvor tidlig skal en begynne med aftenbønn? Når barnet har lært å snakke? Antakelig skal en begynne meget tidligere. Nyere forskning har vist at foster over en viss størrelse reagerer positivt på morens sang og tralling. Dette tyder på at vi ikke kan begynne med sang og aftenbønn for tidlig. Frimodig kan vi be eller synge bønner over den nyfødte. Barnet vil oppfatte det som positivt. Vi har flere kjente aftenbønner her i landet, kanskje avhengig av lokale forhold. Mest brukt og kanskje mest kjent er: Kjære Gud jeg har det godt — som synges på melodien Deilig er den himmel blå. Men det fins flere. I tillegg til det faste verset, kan en med egne ord be for nære slektninger, venner og barn i andre land.

Mens barna er svært små, går det også an å be for Pus — hvis det skulle være behov for det. Det er bare å starte opp å innarbeide en god vane. Vi har antakelig ikke visst å vurdere aftenbønnen høyt nok. Hør hva Lauritz Johnson, den tidligere «barnetimeonkel» har å si om aftenbønn: — Mine foreldre kom opp til oss 8 barn hver kveld og ba aftenbønn med oss: først ba vi de faste bønnene, og dernest snakket vi om og ba over det som var aktuelt. Om foreldre ville tenke mer på hvor viktig inntrykkene fra barndommen er, ville de nok ta seg mer tid om kvelden med barna,, i stedet for å prioritere TV f.eks. eller andre ting.

*NOEN KVELDSBØNNER*

*Kjære Gud, jeg har det godt*
*Takk for alt som jeg har fått*
*Du er god du holder av meg,*
*Kjære Gud gå aldri fra meg*
*Pass på liten og på stor*
*— og alle barn på jord.*

* * *

*Nu lukker solen sitt øye,*
*snart lukker jeg også mitt.*
*Gud Fader i det høye,*
*du lukker aldri ditt!*
*Du ser hver stjerne i vrimlen*
*og hvert et barn på jord.*
*Du hører høyt i himmelen*
*det sakteste bønnens ord.*

* * *

*Nu lukker seg mitt øye,*
*O Fader i det høye*
*I varetekt meg ta*
*Fra synd, fra sorg, fra fare*
*Din engel meg bevare*
*Som ledet har min fot idag.*

* * *

*BARNAS EGEN TAKKEBØNN*

*Du er min konge og du er min bror.*
*Jeg savner ingen ting på jord.*
*Din kjærlighet er alltid nær.*
*Du svikter ikke. Din jeg er.*
*Takk for alle gode ting,*
*som kommer ned fra himlen din.*
*Takk Gud!*

**(Fra Salmer og Viser Verbum forlag)**

SØNDAG 13 OKTOBER 1985

# SOKNERÅDSVAL 1985

SØNDAG 20 OKTOBER 1985

**Denne hausten skal vi velje sokneråd, som skal vere i arbeid frå 1986 til 1989.**

**For fyrste gongen skal det vere val på dei same søndagane over heile landet. Kyrkjemøtet fastsette valdagane til 13. og 20. oktober, anten ein av dagane eller båe.**

## KVA ER EIT SOKNERÅD?

Soknerådet er eit offentleg, kyrkjeleg organ. Rådet har visse oppgåver som er fastsette i lover og føreskrifter.

Å vere medlem er eit tillitsverv, fordi kyrkjelyden peiker ut medlemene ved val. Etter lova har medlemer i kyrkja plikt til å ta imot vervet, dersom ein ikkje kan vise til fritaksgrunnar som vert godtekne.

Mellom oppgåvene rådet har, kan ein nemne tilsyn med kyrkje og kyrkjegard, forvalting av dei midlar soknet rår over, medverknad ved utnemningar og tilsetjingar, uttale til kyrkjelege styremakter osv. Mange praktiske avgjersler fell på rådet, t.d. i samband med dei tilsette i soknet.

Eit sokneråd skal og ta sjølvstendig initiativ. Det kan ein lese ut av «formålsparagrafen» i § 23 i kyrkjeordningslova:

*«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menigheten, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, ungdommen samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.»*

Her er det lagt opp til eit breitt arbeidsprogram for soknerådet. Sjølvsagt er det ikkje meininga at medlemene personleg skal ta på seg alle desse oppgåvene. Soknerådet har ansvar for å hjelpe fram verksemda i soknet ved samordning, planleggjing og stønad.

Og alt det soknerådet tar på seg gjer det på vegner av kyrkjelyden, som har valt rådet som sitt eige ansvarlege organ.

## SAMANSETJING AV SOKNERÅDET

Soknеråda har ulik storleik. Lova seier at rådet skal ha 4,6,8 eller 10 medlemer. I tillegg kjem soknepresten som sjølvskrive medlem.

Det er soknemøtet som avgjer kor mange medlemer rådet skal ha.

I Arna sokn har rådet 10 medlemer og i Ytre Arna 8 medlemer.

Alle sokneråd skal ha fem vararepresentantar utan omsyn til kor stort rådet er.

Soknerådet kan dessutan setje ned utval med ansvar for særlege oppgåver, og her kan ein få med folk som ikkje er soknerådsmedlemer.

Formannen for soknerådet vert valt for kvart år.

## KYRKJELEG RØYSTERETT

Kven kan vere med å velja sokneråd?

Alle som har kyrkjeleg røysterett kan vere med. Denne retten har alle som bur i soknet, som ved utgangen av året er 18 år eller meir, og som ikkje er frådømt statsborgarleg røysterett. Og så må ein sjølvsagt vere medlem av Den norske kyrkja.

## FØREHANDSRØYSTING

For fyrste gongen vert det høve til førehandsrøysting ved soknerådsval i 1985.

Ved førehandsrøysting må veljaren seie frå at det er noko som gjer det umogeleg å møte personleg fram på valdagen.

Det er høve til førehandsrøysting frå den tida då soknerådet har kunngjort kandidatlistene og fram til siste laurdag før fyrste valdagen i soknet.

# VALLISTER:
## FOR ARNA SOKN

Lista framlagt av: Svein Mjelde, Asbjørg Bildøy, Asbjørn Padøy, Ellen Øgaard, Einar Kristiansen, Inger Kippersund, Bjørg Hellesøy, Kari Minde, Lars Taule og Dagny Midttun.

1. Leif Grøteide, lærar.
2. Dagny Midttun, butikkselger.
3. Erling Osland, vaktmeister.
4. Johanne M. Bergo Larsen, rektor.
5. Anne-Karin Hageberg, husmor/sjukepl.
6. Jostein Monstad, spesiallærer.
7. Gunn Olaug M. Kvalvåg, husmor
8. Egil Tunes, politibetjent.
9. Svein Mjelde, anleggsarbeider.
10. Turid Vie, hjelpepleier.
11. Kjartan Hollekve, lærer.
12. Hilde Rohde, musiker.
13. Stein Arne Ystheim, førskulelærer.
14. Ellen Øgaard, lærer.
15. Odd Kjos, verksmeister.
16. Karl Minde, gartner.
17. Inger Kippersund, husmor.
18. Laila Ueland, husmor.
19. Jan Marius Olsen, universitetslektor.
20. Torbjørg Mjelde, sjukepl./husmor.
21. Ingjerd Dagestad, husmor.
22. Berit K. Tesdal, husmor/lærer.
23. Svanhild Hovden, husmor.
24. Ingrid Håøy, husmor/lærer.
25. Jens K. Hauge, bonde.
26. Inge Olav Kalsaas, platearb.
27. Marta Straume, husmor.
28. Asbjørg Bildøy, husmor/kontorfullm..
29. Bjørg Hellesøy, avdelingsleiar.
30. Lars Gunnar Taule, sjukepl.sjef.

## TIDER OG STAD FOR VALET

**Arna sokn:**
Arna kyrkje: Søndagane 13. og 20. oktober kl. 12.30-14.00.
Trengereid kapell: søndag 20. oktober kl. 12.30-13.30.
**Ytre Arna sokn:**
Ytre Arna kyrkje: søndagane 13. og 20. oktober kl. 12.30-13.30.
Førehandsrøysting: Når nokon ikkje kan møta til desse tidene, vert det høve til førehandsrøysting på prestekontora i kontortidene siste veka før valet (8.-11. oktober).

Kontortidene står oppført på siste side i kyrkjelydsbladet.

# VALLISTER:
## YTRE ARNA SOKN:

Lista er framlagd av: Arthur Askeland, Marie Teigland, Else Solsvik, Harald Sundsbø, Aud Gaupås, Knut Vesetvik, Sylvi Sæle, Odd Bjarne Fylkesnes, Borghild Eikerol, Sigfrid Olsen.

1. Nils Kåre Olsen, lærar
2. Martha Skadal, husmor
3. Johan Stein, gravar
4. Helga Eide, sekretær
5. Gunnar Leikvoll, postbud
6. Birgit Askeland, terminalkasserar
7. Thor Nævdal, faglærar
8. Ingrid Romslo, husmor
9. Eli Mohn, lærar
10. Svein Molvik, drosjesjåfør
11. Sollaug Damminger, lærar
12. Svein Solsvik, lærling
13. Marianne Hydle, student
14. Gunnbjørg Larsen, butikkdame
15. Alf Brekkhus, industriarbeidar.
16. Dagrun Markhus, kontorfullmektig
17. Jane Kristensen, student
18. Stig Ryland, skuleelev
19. John Steinset, sjåfør
20. Gudny Skorpen, husmor
21. Marie Haugland, husmor
22. Borghild Eikerol, aktivitør
23. Reidun Leknessund, barnepleiar
24. Willy Soltvedt, assistent
25. Arthur Kvamme, bonde
26. Laila Rakland, husmor

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

**Arna sokn:**
25/08: Linn Skjoldal, Diana Linn Unneland, Aril Gunnarskog.
08/09: Jørgen Hauge, Marius Jørgensen, Johnny Fedje, Linda Garnes.
**Ytre Arna sokn:**
15/09: Trine Kalland.
22.09: Mette Kristin Helgås, Trond Veseth Rivenes.



## Vigde

**Arna sokn:**
24/08: Odd Bjørn Garmanslund og Torhild Antonsen. Vigde i Storetveit kirke.
**Ytre Arna sokn:**
31.08: Audun Bjørklund og Margunn Hana.
14.09: Ove Eriksen og Linda Hansen, vigde i Fana kirke.

## Døde

**Arna sokn:**
12/08: Birger Akselberg, f. 1925.
21/08: Brita Romslo, f. 1905.
22/08: Olav Espeland, f. 1907.
03.09: Oddlaug Sundland, f. 1903.
10.09: Marie Alette Mjelde, f. 1921.

## Ofringane i kyrkjelydane

| | | |
|---|---|---|
| **ARNA SOKN:** | | |
| 25.08: | Bjørgvin Stiftssenter | kr. 1.798,- |
| 01.09: | IKO | kr. 1.072,- |
| 08.09: | Kyrkjelydsarb. | kr. 1.640,- |
| 15.09: | Kyrkjelydsarb. | kr. 1.269,- |
| 15.09: | Kyrkjelydsarb. | kr. 777,- |
| **YTRE ARNA SOKN:** | | |
| 25.08: | Modum Bad Nervesanatorium | kr. 767,- |
| 08.09: | Norges Kr. stud. og skoleungd.lag | kr. 867.- |
| 15.09: | Kyrkjelydsarb. | kr. 1.422,- |

## Kyrkjelydane sine bank/postgirokonti

| **ARNA:** | | **YTRE ARNA:** | |
|---|---|---|---|
| **Arna sokneråd**<br>**Boks 11**<br>**5260 Indre Arna** | Bank:<br>8440.31.05006<br>Post: 5779798 | Ytre Arna sokneråd<br>P. Jepsensv. 39<br>5265 Ytre Arna | Bank:<br>3633.30.02625<br>Post: 5935499 |
| **Kyrkjelydshus i Arna**<br>**Vollavegen 45B**<br>**5260 Indre Arna** | Bank:<br>8440.21.04243<br>Post: 3498995 | Kyrkjelydshuset<br>P. Jebsensv. 39<br>5265 Ytre Arna | Bank:<br>3633.50.75093 |

Om nokon vil gje ei gåve til kyrkjelydsarbeidet kan desse konti brukast.

## Presten har ordet



## *Jeg - en misjonær?*

Misjon handler først — om Guds' kjærlighet til oss. Joh. 3.16. Han har tiltenkt oss en framtid. Men Gud vil at ALLE mennesker skal bli frelst.

Like før Jesus for opp til himmelen, sa han: *«Meg er gitt all makt i himmel og på jord. Gå derfor ut og gjør ALLE folkeslag til disipler».* (Matt. 28.18).

Disse ordene retter han idag til hele Guds folk. Misjon er kort og godt — å gå ut og gjøre Jesus kjent for mennesker som ikke kjenner ham. Og dette er vår oppgave og vårt ansvar. Å være med å bringe evangeliet til alle mennesker — både her i Arna og ut i all verden. Ingen er unntatt. Bibelen forteller oss det, at du og jeg, at vi ALLE har misjonskall. Vi er ALLE «misjonærer»!

Men samtidig gir Gud oss forskjellige oppgaver: Noen blir det vi kaller misjonærer, som drar ut til strøk der mennesker enda ikke har hørt Guds Ord. Noen blir prester, andre diakoner. Noen er kalt til å forkynne, andre til oppgaver av mer praktisk karakter. Vår kanskje viktigste og første oppgave er å gå i forbønn. Å be — forbønn er å legge vårt arbeid, oss selv og andre i Guds hender. Ellers må vi vokte oss vel for å tale om større eller mindre oppgaver. Alle er viktige og nødvendige — NÅR de sikter mot det samme mål: Frelse for alle mennesker.

Gud kaller til små og store oppgaver, og til flere. Han gjør krav på våre evner og krefter og på våre ressurser (givertjeneste o.l.) Oppgavene er mange og store. Fremdeles er det mennesker som ikke har hørt evangeliet. Fremdeles er det mange som ikke kjenner Jesus og som ikke har fått møte ham. Og her er vi kanskje ved poenget. Om vi er rede til å gå inn i dem. Om vi er villige til å ta på oss ansvar, når vi blir spurt.

En veldig gammel legende forteller: *Etter at* Jesus var faret opp til himmelen, spurte englene ham: «Hvordan skal det nå gå med ditt rike på jorden?» Da pekte Jesus på disiplene som var på vei hjem og sa: «Jeg har jo mine disipler». Englene spurte da: «Men hvis de svikter — hvilken plan har du da»? Jesus svarte: «Jeg har ingen annen plan».

Ordene i Jesaja-boken kap. 6 vers 8 er like aktuelle i dag som noensinne: «Hvem skal jeg sende, og hvem vil gå for oss»? Et mektig kor av stemmer burde svare: «Se, her er jeg, send meg».

**Helge Helgesen**

## 4-åringane i Ytre Arna

Dersom du er fødd i 1981, bur i Ytre Arna og enno ikkje har fått «Mi kyrkjebok» som gåve frå kyrkjelyden, kan du be mor eller far ta kontakt med prestekontoret så vil du og få den fine boka.

I samband med Søndagsskulens dag har alle 4-åringane vi har adressa til, fått denne boka. Men har du flytta hit etter du vart døypt, er det ikkje sikkert vi har adressa di.

## *INNFØRING AV NY SALMEBOK*

Soknemøtet i Arna gjorde 22.9. samrøystes vedtak om å innføra den nye salmeboka. I Ytre Arna var det soknemøte same dagen, men der vart saka utsett då det var så få som stoppa att etter gudstenesta. Ytre Arna sokneråd kallar inn til nytt soknemøte 20. oktober for å gjera vedtak. Tik soknemøtet har soknerådet samrøystes gjort framlegg om innføring av salmeboka.

# Møte

**BETANIA, LONE:**

| | |
|---|---|
| 06/10: | Møte v/Santalmisjonen. |
| 8, 10, og 13/10: | Offerveke v/Indremisjonen. Talar Kåre Hellem. |
| 17:10: | Nattverdmøte. |
| 20/10: | Møte v/Det Norske Misjonsselskap. |
| 24/10: | Basar v/Det Norske Misjonsselskap. |
| 26/10: | Ungdomskveld. |
| 27/10: | Møte v/Misjonssambandet. |
| 02/11: | Laurdagssamling kl. 16.00. |
| 5, 6, 7, 9.: og 10/11: | Offerveke v/Misjonssambandet. Talarar Kristian Gangstø og Odd Eivind Stensland. |

**ARNA BEDEHUS**

| | |
|---|---|
| 06/10: | Misjonsfest v/Det Norske Misjonsselskap kl. 18.00. |
| 10/10: | Bibeltime v/Oddmund Tveranger kl. 19.30. |
| 13/10: | Familietreff v/Ungdomsnemnda kl. 17.00. |
| 15-20/10: | Møteveke v/Indremisjonen. Talar Audun Hjellvik. |
| 24/10: | Bibeltime v/bibelskulelærar Odd Bjarne Skogestad kl. 19.30. |
| 26/10: | Ungdomstreff v/ungdomsnemnda kl. 19.30. |
| 27/10: | Kyrkjelydstreff. |
| 31/10: | Eldresamvær kl. 17.00. |
| 02/11: | Ungdomskveld v/Ungdomsnemnda. |
| 03/11: | Basar v/D.N. Sjømannsmisjon. |
| 5, 6, 7, 8 og 10/11: | Møteveke v/Misjonssambandet. Talarar Erling Matre og Øyvind Samnøy. |

**YTRE ARNA BEDEHUS**

| | |
|---|---|
| 24/10: | Basar v/Santalmisjonen kl. 19.00. |

TV-INNSAMLINGA
**UNGDOMS-KAMPANJEN 85**

# Søndag 20. oktober

Også dette året skal TV- engasjera seg i ein storstilt landsomfattande innsamlingsaksjon.

I år er det 38 ungdomsorganisasjonar og 5 U-hjelps organisasjonar som har gått saman om kampanjen, og dei har funne fram til ei rekkje tiltak som kan få hjelpa fram til dei som treng det.

Og hjelpa vert fordelt i mange land til ulike tiltak. Naturleg nok vil noko verta gjeve til Afrika for å motvirka svolt og turke. Hjelp til opplæring, helseteneste og jordbrukstiltak er noko av det andre pengane vert brukt til. Aksjonen gjev oss høve til å la vår hjelp nå fram. Så ta vel imot bøssebærarane når dei kjem rundt søndag 20. oktober.

**TUNES BEDEHUS:**

| | |
|---|---|
| 10/10: | Møte v/Alfred Kvalvå kl. 19.00. |
| 17/10: | Møte v/Ingolf Andersen kl. 19.00. |
| 24/10: | Møte v/Annlaug Almelid kl. 19.00. |
| 31/10: | Møte kl. 19.00. |
| 07/11: | Møte v/F. Ingebrigtsen kl. 19.00. |
| 09/11: | Bedehusbasaren. |

**HAUGLAND BEDEHUS:**

| | |
|---|---|
| 20/10: | Familiemøte v/Yngste Røster kl. 16.00. |
| 08/11: | Bedehusbasar. |



## Velkomen til kyrkjelydsskulen sin TEMA- OG SAMTALE-KVELD i oktober

**Onsdag 23. oktober kl. 19.30 i Kyrkjelydshuset, Ytre Arna:**

SKAL - SKAL IKKJE. KVA BETYR DEI TI BODA SOM RETNINGSLINJER I DAGLEGLIVET VÅRT?

Harald Sundsbø innleier om tema.
Etterpå samtalar vi over ein kopp kaffi/te.
**Ta med nistepakke!** Te og kaffi vert servert.
**Ta gjerne også med Bibel eller Nytestamente.**



Tema-kveldane er opne (inga påmelding), — og alle er velkomne!

Helsing

STYRET FOR KYRKJELYDSSKULEN

*Dostojevskij:*

# Ikke noe skjønnere....

— Jeg tror at det ikke finnes noe skjønnere, noe dypere, noe så sympatisk, så klok, så modig og så fullkomment — som Kristus. —

Dette er dikteren Dostojeskijs vitnesbyrd fra sine modne forfatterår. I 1850 ble dikteren dømt til døden, men dommen ble omgjort til 4 års tukthus i Sibir. Iført fotlenke, men med et nytestamente i hånden som en kvinne hadde stukket til ham, dro han avgårde på den lange reisen til Sibir. Om sitt opphold der, sa han senere: Tukthuset og Sibir ble en stor lykke for meg, det var der jeg kom til klarhet over meg selv og lærte å forstå Kristus. —

Det er nå kommet en norsk biografi om Fjodor Dostojeskij, en meget grundig dokumentasjon av dikterens liv og forfatterskap av Geir Kjetsaa.

# MØBLAR

I 2. høgda i kyrkjelydshuset i Ytre Arna er det no pussa opp fire rom. Dei er heilt oppattnya. Taket er senka ein halv meter og vegger og golv er blitt nye også. Dessutan er det kome nytt elektrisk anlegg.

Det er aktivitetsklubben som i første rekke skal nytta romma, og to av dei er innreda som aktivitetsrom.

I dei to andre romma treng ein noko møblar slik at desse romma kan nyttast til mindre samlingar.

Vi utfordrar folk som har møblar ståande unytta om å ta kontakt med kyrkjekontoret.

Vi er spesielt interessert i sofaer og stolar.

## GUDSTENESTA FOR ELDRE

Me minner om gudstenesta for eldre i Arna kyrkje søndag 6. oktober kl. 11.

# JOHAN STEIN

**- ny formann for kyrkjegardane i Arna -**



1. mai i år tok Johan Stein til som formann for kyrkjegardane i Arna etter Emil Dalseth som gjekk av med pensjon.

Johan Stein er busett i Ytre Arna og er ikkje nokon ny mann ved kyrkjegardane.

— Kor lenge har du vore tilsett i Arna?

— Det er seks år sidan eg tok til ved kyrkjegardane i Arna, men før det var eg eitt og eit halvt år ved kyrkjegarden ved Møllendal Kapell.

— Kva har du arbeidd med før du starta med kyrkjegardsarbeid?

— Tidlegare var eg tekstilarbeidar ved Arne Fabrikker i 20 år, og før det var eg anleggsarbeidar like lenge.

Det betyr at det er ein mann med solid erfaring som er ansvarleg for gravplassane våre. — Kva inneber det å vera formann?

— Eg skal leda arbeidet med vedlikehald av gravplassane og graving av graver. Vidare skal ein og føre protokoller over graver o.s.v.

Om Johan Stein har vore lenge ved kyrkjegardane, er han kanskje betre kjent gjennom sitt arbeid for det kristne arbeidet.

— Du har våre med i Indremisjonen?

— Ja, eg har vore med i Indremisjonen i Ytre Arna og har vore formann der ei tid. Eg har også vore med i styret for Nordhordaland Indremisjon.

Johan Stein har tidlegare vore fleire periodar med i Ytre Arna Sokneråd og har no sagt seg villig til å stå på årets liste til soknerådsvalget.

Johan Stein har kontor i bårehuset ved kyrkja og kan treffast på telefon alle dagar mellom kl. 10.00 og 11.00. — Kva kan folk få hjelp til på kyrkjegardskontoret?

— Her kan dei få svar på det som gjeld gravene og gravplassane. Ein kan også tinga vedlikehald og planting på gravene. Dette gjeld både vedlikehald for eit år om gangen eller fast vedlikehald med legat-ordning.

Vi ynskjer Johan Stein lukke til i ny stilling i kyrkjelyden.

## HAUSTTAKKEFEST I ARNA KYRKJELYD

Søndag 27. oktober
i Arna Bedehus

Tale og song ved Per Inge Eide.
Musikk v/fam. Bjørkhaug.

Matøkt.

## SJØMANNSMISJONS-FORENINGA I YTRE ARNA

innbyr alle til «Fest på kjerka» med innsamling av julepakkar til sjøfolk søndag 27. oktober kl. 17.00 i Kyrkjelydshuset.

Det vert allsidig program med besøk frå Sjømannsmisjonen, film og bevertning.

Alle er velkomne til å vera med!



# Fin kyrkjelydstur til Hålandsdalen

Søndag 1. september var det 2 fullsette bussar frå begge kyrkjelydane i Arna på tur til Hålandsdalen. Turopplegget var laga av familiar frå Hålandsdalen som er busett i Arna, og dei hadde gjort eit framifrå fint arbeid med å leggja turen til rette. Dei hadde gode vener i Hålandsdalen som hjelpte til, og der fekk me oppleva både noko av kulturlivet, og naturen i dalen.

Vi starta med gudsteneste i den gamle kyrkja der res.kap. Sundsbø gjorte teneste og Ytre Arna kyrkjekor song. Det er litt uvanleg å vera til gudsteneste i ei kyrkje som er meir enn 600 år gamal. Men ei fin oppleving var det, om benkane var harde.

Etter gudstenesta var det samling på skulen med god mat og Hålandslefse, og turen oppover dalen med dei mange svingane på vegen, vil nok også mange hugsa.









**(Forts. fra s.1)**

Ja, korleis har de tenkt å løysa det. Skal huset byggjast på dugnad, slik eit anna trussamfunn nyleg gjorde i nærleiken av Bergen?

Ja, det var jo imponerande gjort. Og det er heilt klart at vi må ha ein stor dugnadsinnsats for å kunna få opp huset. Men vi er optimistar og vonar folk vil slutta godt opp om dette. Utfordringar frå oss som arbeidar med dette vil det i alle fall koma mange av. Dette er ei oppgåve som vi i kyrkjelyden må løysa saman. Og kanskje det også kan vera godt å arbeida saman om denne viktige oppgåva.

— Men de treng vel og meir kapital?

— Ja, mykje meir, og vi arbeidar med det også. På nyåret skal vi ha ein stor basar, og ellers prøver vi også andre ting. Når no planane er meir klare, vonar vi at det også kan skapa ein ny giv i innsamlingsarbeidet.

— Vi ynskjer han lukke til med dette arbeidet, og skulle nokon vilja gje ei gåve, kan ein senda det til: Kyrkjelydshus i Arna, Boks 11, 5260 Indre Arna.

*Lösning på oppgaven i forrige nr.*

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 S | E | 2 I | 3 L | B | 4 Å | 5 T | ■ |
| V | ■ | 6 L | L | ■ | 7 K | A | 8 M |
| 9 Ø | 10 R | E | ■ | 11 M | E | K | A |
| 12 M | E | R | 13 K | E | R | ■ | T |
| 14 M | N | ■ | 15 Ø | L | ■ | 16 S | E |
| E | ■ | 17 A | P | ■ | 18 L | E | R |
| 19 R | O | S | I | N | E | R | ■ |


ARNA TREVIRKE A·S
TRELAST OG BYGGEVARER
5265 YTRE ARNA – TELEFON (05) 24 12 21

BLOMSTER
til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.
24 25 95
ÅPNINGSTIDER
Mand. til onsd. 9.00-17.00
Torsd. og fred. 9.00-19.00
Lørdag 9.00-14.00
a.s. Sarepta
5260 Indre Arna

I MIN FORRETNING
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.
Kleiveland
5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Avanti
A.S. STEPHANSEN A/S
N - 5230 ESPELAND
BERGEN - NORWAY
JANUS OF NORWAY

Solstrands Blomsterforretning
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50
Solstrand Begravelsesbyrå
Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50
Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN
Banken i Arna — for Arnafolk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.
VESTLANDSBANKEN, avd. Arna

ESPELAND GARTNERI
Telefon 24 08 09
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ
Telefon 24 08 08
Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørges oppsatt.

Banken i Arna frå 1866
SPAREBANKEN VEST
AVDELING ARNA
— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har lavaste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.
ARNA ELKJØP A/S
Ytre Arna — telefon 24 81 88
Arnatveit — telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

GODKJENT AV BILTILSYNET
Aut. bilverksted
Aut. dekkforhandler
GODE TILBUD PÅ DEKK OG REKVISITA!
GOD SERVICE — RIMELIGE PRISER — HYGGELIG MILJØ!
Velkommen til vår bensinstasjon!
Arnatveit Auto Senter
J.B. Myklestad
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40
NOROL

# *Velkomen til kyrkje*

| | |
|---|---|
| 06/10 | **Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Norges kristelige student- og skoleungdomslag. Søndagsskule.<br>**Ytre Arna kl. 11.00.** Vikarprest Helgesen. Takkoffer til Norea Radio. |
| 13/10 | **Arna kl. 11.00.** Vikarprest Helgesen. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. SOKNERÅDSVAL.<br>**Ytre Arna kl. 11.00.** Akademilektor Sigurd Vengen. Takkoffer til læreraka-demiet. SOKNERÅDSVAL. |
| 20/10 | **Arna kl. 11.00.** Akademilektor Arve Brunvoll. Nattverd. Takkoffer til Norsk lærerakademi. SOKNERÅDSVAL. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.<br>**Ytre Arna kl. 11.** Res.kap. Sundsbø. 50-årskonfirmantane. Takkoffer til Bjørgvin Bispedømeråd. SOKNERÅDSVAL. Soknemøte om ny salmebok.<br>**Trengereid kl. 11.** Vikarprest Helgesen. Hausttakkefest. Skuleborn tek del. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. SOKNERÅDSVAL. |
| 27/10 | **Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Sundagsskule. |
| 3/11 | **Arna kl. 11.00.** Familiegudstjeneste v/vikarprest Helgesen. 1. klassinger spesielt inviterte. Takkoffer til Takvam kapell.<br>**Ytre Arna kl. 11.00:** Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Menighetsfakultetet.<br>**Takvam kl. 16.00.** Vikarprest Helgesen og sokneprest Eide. TAKVAM-STEMNE.<br>**Haukeland kl. 16.30.** Res.kap. Sundsbø. Konfirmantar tek del. |
| 10/11 | **Arna kl. 11.00.** Pastor Øyvind Kvarstein. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarb. Sundagsskule.<br>**Ytre Arna kl. 11.00.** Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Vikarprest Helgesen. |

# SØNDAG ER KYRKJEDAG


**KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**

**Utgjevar:** Soknеråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.
**Redaksjonsnemnd:** Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø, Kåre Kvalvåg.
**Forretningsførar:** Bjørg Hellesøy.
**Bladpengar:** kr. 30.-.
Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.


**ARNA PRESTEGJELD**

**Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova:** Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.
**Kontortid:** Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30
Torsdag kl. 17.30 - 19.00.
**Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39:** Tlf.24 85 46.
**Kontortid:** tysdag kl. 17.00 - 18.00.
onsdag og fredag 10.00 - 11.30.
**Kyrkjegardane i Arna.** Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd. - fredag 10 - 11.

**Frist for innlevering av stoff til nr. 9: 15. oktober.**